

## HEIMEEKSAMEN I IDE2084 – Bob Dylan: tradisjonstolk og kulturspeil

HAUST 2016

*Vel éi (1) av dei følgjande tre oppgåvene:*

*Anten:*

### **Oppgåve 1**

Bob Dylan har gjennom heile karrieren sin hatt bevisste haldningar til sentrale samtidsspørsmål. Vel ut 2–4 relevante songtekster frå ulike tiår, og syn korleis samfunnsengasjementet hans kjem til uttrykk i songane. Legg vekt på å få fram både samanhengar og endringar i haldningane hans. Reflekter til slutt over om Dylan kan kallast ein politisk kunstnar.

*Eller:*

### **Oppgåve 2**

Bob Dylan auser i songtekstene sine av eit stort reservoar av idéhistoriske tradisjonar (litterære, religiøse, ålmenhistoriske osv.). Fokuser særleg på éin slik tradisjon, og analyser 2–4 songar som er representative for denne tradisjonen. Legg vekt på å få fram breidda i bruken hans av tradisjonen. Reflekter til slutt over kvifor Dylan brukar slike tradisjonar i songane sine. I kva for grad er det treffande å kalla han ein «tradisjonstolk»?



Eller:

### Oppgave 3

Mange av Bob Dylans songtekster har form av visjonar (draumbilete, fantasiar, profetiske utsegner, apokalyptiske skildringar o.l.). Presenter 2–4 slike songar, med vekt på å få fram både likskapar og forskjellar. Reflekter over kva for idéhistoriske tradisjonar visjonane står i, og kva slag rolle visjonane spelar i tekstene. Kva slags bilete gjev tekstene av verda?

*Problem med eller spørsmål til innlevering? Ta kontakt med IFIKKs ekspedisjon på tlf. 22 85 69 11 eller e-post [henvendelser@ifikk.uio.no](mailto:henvendelser@ifikk.uio.no) innan kl. 14.00 på innleveringsdagen.*

### Formalia

Omfang: 7-9 sider à 2.300 teikn. Vi rekne ikkje med litteraturlista i det totale talet på sider. Anbefalt skrifttype er Times New Roman (12 punkt) med 1 ½ linjeavstand.

Vi godtek ikkje eksamenssvar utan kjeldetilvisingar (noteapparat og litteraturliste). Chicago-stilen er den føretrekte på idéhistorie. Vi reknar med at alle eksamenssvar oppfyller formelle krav til akademisk skriving: <http://www.hf.uio.no/studier/ressurser/kilder/>

Dersom du leverer eit eksamenssvar med mangelfulle eller misvisande kjeldetilvisingar kan du bli mistenkt for fusk: <http://www.hf.uio.no/studier/admin/eksamen/fusk/>

Korleis du skal gå fram for å levere oppgåva og ikkje-fuskstadfesting, sjå:

[http://www.hf.uio.no/ifikk/studier/admin/eksamen/hvordan-levere-besvarelsen-din/innlevering\\_fronter.html](http://www.hf.uio.no/ifikk/studier/admin/eksamen/hvordan-levere-besvarelsen-din/innlevering_fronter.html)